



Notat

Dato: 13.09.2019
Arkivsak: 2018/14375-7
Saksbehandlar: tinsinc

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Invitasjon til plankonferansen 2019

Hordaland fylkeskommune og fylkesmannen i Hordaland har gleda av å invitera til Plankonferansen 2019. Denne vert 23. og 24. oktober på Grand Terminus hotell i Bergen.

Fns berekraftmål er eit dagsaktuelt og viktig tema, som går fram av dei nasjonale forventningane til regional og kommunal planlegging.

Målsetjinga for konferansen er å formidla kunnskap og erfaringar som kan danne grunnlag for berekraftig planlegging og forvaltning.

Målgruppe er politikarar og administrasjon i fylke og kommunar, regional og statleg forvaltning, konsulentar, utdannings- og forskingsmiljø, næringsorganisasjonar og relevante nærings- og fagmiljø. Vi vil særleg oppmoda lokale politikarar til å delta.

Det vert vist til vedlagt program. Påmelding er digital med frist 8. oktober. Gå inn på www.hordaland.no og vel Kalender og dato.